



## MAGNHILD OKKENHAUG

Vår gamle gode mor Magnhild døde torsdag 31. januar, vel ein måned før ho kunne ha runda 100 år. Eit langt, rikt og arbeidsamt liv ebba naturleg og fredeleg ut. For oss fem var ho i alle år Mamma, men kanskje skal vi i denne samanhengen heller kalle henne mor, for ho har vore heile storfamilien si gode mor og samlande kraft.

Mor vart fødd 11. mars 1908 på Buran i Frol, som den yngste av fire søstre. Jentene voks opp i ein god heim, og dei lærte tidleg verdien av godt arbeid. Som ung kvinne tok mor bilsertifikat og fekk seg arbeid med å kjøre melk frå bygda til meieriet på Levanger. Mor sin store draum var imidlertid å bli lærar, noko som ikkje var så enkelt å få til. Men ho fekk likevel ein arbeidsdag og eit liv der alle hennes talent, hennes arbeidskapasitet og hennes store evne til omsorg fekk utfalde seg.

I 1935 gifta ho seg med faren vår, Paul Okkenhaug. Dermed fekk ho mye av ansvaret for drifta av garden Okkenhaug. I tillegg kom ansvar og omsorg for dei ni yngre søskena til pappa Paul etter at mora hans, Sigrun Okkenhaug, gikk bort før ho var fylt 50 år. Det som skjedde på Okkenhaug i den tida, og i tida som kom, kunne det ha vore skrive fleire bøker om. Ei opprivande tid, ei tid med store økonomiske problem, ei tid der pappa Paul streva med dilemmaet mellom å vere kunstnar eller bonde, ei tid der Okkenhaug var eit kultursenter, og ei tid der eigne ungar også skulle ha omsorg og støtte. I heile denne tida var det ei sterk og varm kraft som losa gard og familie, arbeidsfolk, gjester og kunstnarar gjennom både stille og storm. Denne krafta var mor Magnhild.

Mor og far fekk leve saman i 40 år. Dei to var svært glade i kvarandre, utan at det vart brukt så store ord om det. Og dei ga kvarandre støtte på så mange måtar. Mor sin støtte til far, gjennom å ta ansvaret for gardsdrifta og alt det praktiske, slik at han skulle få tid og ro til å arbeide med musikk og komposisjon, kan ikkje vurderast høgt nok. Det same kan seiast om hennes kløkt og evne til å inspirera far i hans kunstneriske arbeid, og hennes omsorg for andre kunstnarar som kom og budde på Okkenhaug.

Og midt ein strevsom kvardag var mor i alle år velsigna med ein svært godt utvikla humoristisk sans. Dette har vi i familien nytt godt av i stort monn. Saman med andre vart ho ofte eit muntrasjonsråd som skapte liv og glede kring seg, faktisk heilt til det siste.

Dei aller siste åra vart mor sjøl avhengig av omsorg. Kroppen var utsliten og ville ikkje meir. Men vi er takksame for at ho fekk ei fin tid på slutten av sitt rike og lange liv, med mye hjelp, trivsel og omsorg frå flinke og hjelpsame medmenneske på Bredablikktunet. Og vi veit at mor sovna inn med fred og stor takksemd.

**Sigrid, Ragna, Eli, Fredrik og Håvard**